

**Landsmøte 2022  
Hamar, 22. – 24. april**

## **SAK 8 – ARBEIDSPROGRAM 2022-2024**



### **Inneholder:**

- Landsstyrets foreslåtte arbeidsprogram for 2022-2024
- Innkomne endringsforslag

1  
2  
3  
4  
5  
6  
7  
8  
9  
10  
11  
12  
13  
14  
15  
16  
17  
18  
19  
20  
21  
22  
23  
24  
25  
26



# ARBEIDSPROGRAM 2022 – 2024

*Landsstyrets forslag (vedtatt av landsstyret 5. mars 2022)*

*Arbeidsprogrammet fortel kva Naturvernforbundet skal prioritera i landsmøteperioden 2022 – 2024, og er eit arbeidsdokument med mål for desse to åra. Landsstyret er ansvarlege overfor landsmøtet for oppfølging av måla.*

*Eit klart mål er at lokal- og fylkeslaga finn inspirasjon i arbeidsprogrammet til kva dei vil jobba med og korleis. Slik skapar me samhald, og styrkar gjennomslagskrafta vår.*

*Arbeidsprogrammet fylgjer prinsippprogrammet.*



27  
28  
29  
30  
31  
32  
33  
34  
35  
36  
37  
38  
39  
40  
41  
42  
43  
44  
45  
46  
47  
48  
49  
50  
51  
52  
53  
54  
55  
56  
57  
58  
59  
60  
61  
62  
63  
64  
65  
66  
67  
68  
69  
70

## Satsingsområde 1:

### Eit synleg og slagkraftig Naturvernforbund

*I 2024 har Naturvernforbundet mange tusen nye medlemmar, fleire frivillige og fleire lokallag. Me er ei brei og mangfaldig folkerørsle for natur og klima. Samarbeidet mellom dei ulike ledda i organisasjon er styrka, og me har fått fleire økonomiske bein å stå på. Me har skapt faglege møteplassar gjennom nettverk og utval.*

#### Mål

- Me skal runda 45 000 medlem, og styrande organ i alle ledd av organisasjonen skal ha eit representativt mangfald. Me skal aktivt rekruttera fleire med minoritetsbakgrunn.
- Alle medlemmane skal få tilbod om å verta aktive, og me skal engasjera minst 30% fleire til å verta frivillige/aktive.
- Me skal ha minst 100 aktive lokal- og studentlag.
- Inntektene frå gåver og medlemmar skal auka, og fastgjevarordninga skal særskilt styrkast.
- Alle fylke skal ha tilsetressursar, og gode, inkluderande arbeidsmiljø. Me jobbar for like arbeidsvilkår på tvers av fylka.

#### Slik skal me nå måla

##### Oppfylging av medlemmane våre:

- I alle kanalane våre skal det vera synleg og lett å forstå kva ein kan gjera som frivillig i Naturvernforbundet sine lokal- og fylkeslag, og korleis ein kan bli aktiv.
- Fylkeslaga skal få hjelp til å leggja til rette for sosiale møteplassar for medlemmar.

##### Kommunikasjon:

- Me skal laga ein positiv og engasjerande kommunikasjonsstrategi for heile organisasjonen med fokus på kvifor naturvern er så viktig for å bremsa klimaendringane, og korleis forbruk heng saman med både klima og naturvern.

##### Oppfylging av lokal- og fylkeslag:

- Me skal samarbeida om å laga ein kampanje i forkant av kommune- og fylkestingvalet i 2023.
- Me skal auka kompetansen i organisasjon vår på rekruttering, mangfald og inkludering gjennom å spreia medvit, bygga nettverk og tilby skolering.
- Me skal laga eit opplegg for å støtta lokal- og fylkeslag med rekruttering og oppfølging av nye frivillige. Opplegget skal ha særskilt fokus på mangfaldet av oppgåver ein kan ha som frivillig i Naturvernforbundet.
- Me skal laga ein vegvisar med råd til korleis fylkeslag kan jobba for å oppretta nye lokallag og støtta dei som treng det.





- 71 • Me skal få på plass ein ressursbank som m.a. inneheld bilete, film, kampanjemateriell og  
72 malar.
- 73 • Me skal oppretta faste, regelmessige møtepunkt mellom sekretariatet og fylkes- og lokallag.  
74 • Fylkes- og lokallag skal jamleg få informasjon om kva sekretariatet kan bidra med og kven dei  
75 kan ta kontakt med om ulike ting.
- 76 • Me skal laga eit felles årshjul med nasjonale aktivitetar og kampanjar for  
77 organisasjonsfamilien.

78

79 *Styrking av organisasjonen:*

- 80 • Nettverka og utvala i Naturvernforbundet skal vere ein ressurs for arbeidet i organisasjonen.  
81 • Me skal gjera «retteiinga for valkomitear i lokal- og fylkeslag» kjend for valkomiteane i alle  
82 ledd av organisasjonen.
- 83 • I tillegg til utvala nedsett av landsstyret, skal me oppretta uformelle, mest mogleg  
84 sjølvorganiserte nettverk for tillitsvalde og frivillige på tvers av dei ulike ledda i  
85 organisasjonen, med fokus på aktuelle tema.
- 86 • Me skal oppretta ei gruppe i Naturvernforbundet som skal gje råd i klima- og miljø saker kring  
87 samisk natur- og kulturgrunnlag.
- 88 • Me skal vidateutvikla samarbeida med Natur og Ungdom og Miljøagentane.

89

90 *Fylkestilsette:*

- 91 • Me skal legga til rette for meir samarbeid mellom fylkes- og regionstilsette, til dømes  
92 gjennom samlingar minst éin gong i året, der også ressurspersonar i sekretariatet er med.
- 93 • Me skal undersøka om fylkeslaga ynskjer å ha tilsette i alle fylke, og i så fall greia ut kva det  
94 vil seia for Naturvernforbundet økonomisk, administrativt og personalmessig.

95

96

97

98

99

100

101

102

103

104

105

106

107

108

109

110

111

112

113

114

115

116

117



118  
119  
120  
121  
122  
123  
124  
125  
126  
127  
128  
129  
130  
131  
132  
133  
134  
135  
136  
137  
138  
139  
140  
141  
142  
143  
144  
145  
146  
147  
148  
149  
150  
151  
152  
153  
154  
155  
156  
157  
158  
159  
160  
161  
162  
163  
164  
165  
166

## Satsingsområde 2:

### Ein levande og livskraftig natur

*Naturen med sitt rike mangfald er grunnlaget for alt liv på jorda. Naturen treng eit langt sterkare vern mot vidare nedbygging. For å stoppa og snu tapet av den uerstattelige artsrikdomen og bremsa klimaendringane, treng me ein levedyktig natur og eit miljø i balanse. Naturvernforbundet skal vera naturen sin fremste forsvarar, og arbeida systematisk for å auka rettsvernet til naturen. Me skal spreia kunnskap om naturen sin eigenverdi, og den grunnleggande menneskelege trongen for naturopplevingar og friluftsliv.*

#### Mål

- Noreg fylgjer opp dei internasjonale natur- og klimaforpliktingane sine og er på god veg mot målet om 30 % vern på land og til havs innan 2030.
- I tråd med FN sine målsettingar skal netto natur i Noreg auka gjennom ivaretaking av trua naturtypar og restaurering av øydelagt natur.
- Stortinget skal innføra eit nasjonalt naturbudsjett, samt natur- og arealrekneskap som styringsverktøy i kommunane si planforvaltning.
- Plan- og arealforvaltninga skal tilbakeførast til Klima- og miljøverndepartementet.
- Prosessen med å oppretta ein miljøklagedomstol eller tilsvarande i Noreg skal vera i gang.
- Noreg skal ha verna 8 % av den produktive skogen.
- Fem utvalde kulturlandskap skal opprettast.
- Naturøydeleggande utbyggingar skal stoppast, t.d. vass- og vindkraftutbygging, motorvegar, hytteutbygging, oppdrett og anna industri.
- Repparfjord og Førdefjorden skal reddast frå gruvedumping.
- Ein redningsplan for Oslofjorden skal stoppa forureining frå landbruk og andre trugsmål.
- Me skal setja meir fokus på naturmangfald også i natur som er særskilt forma av menneske, som bymiljø og kulturlandskap.

#### Slik skal me nå måla

- Me skal vere synlege og slagkraftige i samband med internasjonale toppmøter om naturmangfald og klima.
- Landsstyret skal velja to konkrete saker som får særskild fokus innanfor kvart av desse områda: vindkraft, vasskraft, oppdrett og motorveg. Me skal løfta desse prioriterte sakene fram som døme på systemendringane som krevst på kvart område.
- Lokallaga skal få tilbod om informasjon, opplæring og støtte, slik at dei kan påverka arealplanar og arealbruk i kommunane.
- Me skal skapa engasjement rundt lokale og regionale verneprosessar. Lokal- og fylkeslag skal få støtte i oppfølging av vernesaker.
- Me skal arbeida for eit mellombels forbod mot hogst i gamalskog inntil verneplanarbeidet for skog er slutført, samt eit forbod mot framande treslag som sitka og lutz.
- Me skal jobba for revidering av skoglova og skogføreskrifta, med tydelege miljøkrav og forbod mot miljøskadelege driftsformer som gjødsling og sprøyting.
- Me skal arbeida for å stanse statleg støtte til skogsvegar for hogst i ulendt terreng.
- Me skal arbeida for øyremerka ressursar og kapasitet til naturkartlegging, areal- og naturrekneskap og miljøkompetanse i kommunane.
- Me skal arbeida for betre og uavhengige naturkartleggingar og konsekvensutgreiingar.



- 167 • Me skal arbeida for at inngrepsfri natur vert innført som styrande kriterium for
- 168 arealpolitikken og sikra at samanhengande naturområde blir verna.
- 169 • Me skal forsvare verneplanen for vassdrag og jobba for at fleire vassdrag vert varig verna.
- 170 • Me skal arbeida både for strengare vern, og restaurering av myr og våtmarksområde.
- 171 • Me skal arbeida for at oppdrett vert mykje strengare regulert, med eit betre
- 172 forvaltningssystem enn trafikklysordninga me har i dag.
- 173 • Me skal skapa lokalt og nasjonalt engasjement i gruvesaka, og jobba for forbod mot dumping
- 174 av gruveavfall i sjø, samt avgift på deponering og uttak av jomfruelege massar.
- 175 • Me skal arbeida for å ta vare på dyrka jord og anna verdifulle jordbruksareal, mellom anna
- 176 gjennom ein kraftig auke i insentivordningar for skjøtt av kulturlandskap. Me skal også jobba
- 177 for at større område vert sett av til robust kantsonevegetasjon, og for driftsformer som
- 178 hindrar avrenning.
- 179 • Me skal arbeida for ei kunnskapsbasert rovdyrforvaltning som sikrar levedyktige populasjonar
- 180 og lever opp til internasjonale krav og løfte. Dette skal me gjera gjennom heilskapleg
- 181 fagbasert arbeid, og dialog med saueneringa, reindriftsnæringa og lokale aktørar.
- 182 • Me skal arbeida for innstramming av motorferdslelova med forbod mot oppretting av
- 183 fornøylesløyper for snøskuter i inngrepsfri natur, reindriftsområde og viktige
- 184 friluftsområde.
- 185 • Me skal gje innspel til redningsplanen for Oslofjorden.



### Satsingsområde 3:

## Eit energieffektivt og fossilfritt samfunn

*Klimaet vert stadig meir ustabil og ekstremt grunna dei menneskpte klimagassutsleppa som hopar seg opp i atmosfæren. Naturvernforbundet skal stå fremst på barrikadane for å få dei årlege utsleppskutta me treng i Noreg og globalt for å nå 1,5-gradersmålet.*

### Mål

- 203 • Noreg gjennomfører sin del av 1,5-gradersmålet ved at vi kuttar våre utslepp med minst 3
- 204 millionar tonn kvart år frå og med 2022.
- 205 • Stortinget skal stoppa tildeling av nye oljelisensar, og vedta ein plan for avvikling og
- 206 rettferdig omstilling av fossilindustrien.
- 207 • Planane om elektrifisering av sokkelen med kraft frå land skal vera skrinlagt.
- 208 • Stortinget skal vedta eit forpliktande mål for energisparing og -effektivisering for Noreg, og
- 209 ein plan for å nå målet i tråd med 1,5-gradersmålet.
- 210 • Det skal vera praksis i Noreg at eksisterande vegar og jernbanar vert utbetra og rusta opp, og
- 211 at ferjer vert elektrifisert i staden for flytrafikk og bygging av firefelts motorvegar med 110
- 212 km/t.
- 213 • Naturvernforbundet skal vera ein premissleverandør som set krav om at ny industri skal vera
- 214 utsleppsfri, ikkje bygger ned natur eller øydelegg miljøet.



## 215 Slik skal me nå måla

- 216 • Me skal koma med forslag til konkrete, årlege utsleppskutt og korleis regjeringa kan innfri
- 217 desse.
- 218 • Me skal byggja tettare allianse og samarbeid med fagforeiningane og andre relevante aktørar
- 219 for berekraftig omstilling vekk frå fossil energiforbruk.
- 220 • Me skal arbeida for karbonprising og kompensasjon til folket ved å synleggjera KAF som ein
- 221 viktig del av løysinga i klimadebatten i Noreg.
- 222 • Også globalt skal me jobba for karbonprising i alle land og skattelegging av internasjonal
- 223 vare- og persontransport i dei årlege klimatoppmøta (COP).
- 224 • Me skal arbeida for at myndigheitene prioriterer mellom kraftkrevjande tiltak, slik at det
- 225 ikkje lenger er slik at den som spør først, får først.
- 226 • Me skal arbeida for reduksjon i flytrafikken og særskilt prioritera innsats for å stoppa tredje
- 227 rullebane på Gardermoen.
- 228 • Me skal jobba for at trafikk vert flytta frå fly og bil til bane og sjø. Utbetring og vedlikehald av
- 229 eksisterande vegar og jernbanar, samt elektrifisering av ferjer og hurtigbåtar, skal ha topp
- 230 prioritet.
- 231 • Me skal jobba for satsing på at kollektive alternativ til fly og bil vert billigaste og beste
- 232 reisemåte mellom dei største byane og landsdelane.
- 233 • Me skal inspirera folk og verksemder til å redusera energiforbruket, t.d. gjennom kampanjar.
- 234 • Me skal synleggjera det store potensialet som ligg i å frigjera verdifulle energiresursar
- 235 gjennom skikkeleg satsing på energisparing- og effektivisering. Ei slik satsing vil både skapa
- 236 arbeidsplassar og frigje fornyeleg energi til klimaomstillinga.
- 237 • Me skal arbeida for politisk gjennomslag for langt betre insentivordningar for at folk og
- 238 verksemder skal gjera energisparing- og effektiviseringstiltak.
- 239 • Me skal jobba for at det vert lagt til rette for å ta i bruk småskala energiproduksjon slik som
- 240 solenergi, berg- og jordvarme i bustadar, bygg og industri. Me skal synleggjera korleis dette
- 241 også reduserer presset for utbygging av fleire kraftlinjer.
- 242 • Me skal synleggjera den internasjonale klimainnsatsen vår og visa at me jobbar for å fasa ut
- 243 kol, olje og gass også andre stader i verda.



### 255 Satsingsområde 4:

## 256 Eit rikare liv med lågare forbruk

257  
 258 *Fellesnemnaren for alle miljøproblema er det samla overforbruket vårt av kloden sine ressursar. Å*  
 259 *bremsa klimaendringane og snu tapet av natur og arts mangfaldet, krev djuptgripande endringar i*  
 260 *korleis me lever og handlar. Naturvernforbundet skal jobba for politiske tiltak som legg til rette for eit*  
 261 *lågare forbruk, samt ei rettferdig omstilling i Noreg og globalt. Me skal formidla og skapa naturglede,*  
 262 *og visa at eit enklare og mindre materialistisk liv gjev auka livskvalitet.*

## 263 Mål

- 264 • Noreg skal redusera det materielle forbruket sitt i overgangen til ein sirkulær økonomi. Dette
- 265 kan mellom anna skje ved tiltak i form av skattar og avgifter spesielt retta inn mot grupper
- 266 med høye inntekter og forbruk.
- 267 • Naturskadeleg hyttebygging skal stoppast, medan meir miljøvenleg bruk av hytter, som
- 268 deleløysingar, skal auka.
- 269 • Naturvernforbundet held fram med å vera ein sentral aktør i arbeidet mot plastforureining,
- 270 og for å redusera avfall frå forbruk og gruveindustri.
- 271 • Me skal styrka samarbeidet med andre miljøorganisasjonar internasjonalt, med særleg fokus
- 272 på betre ressursforvaltning og naturvern.



## 283 Slik skal me nå måla

- 284 • Me skal leggja til rette for at fylkes- og lokallag kan jobba med miljøvenleg kvardag og
- 285 forbruk, t.d. klesbytedag, fiksefestar, nabolagsmarknadar, ryddeaksjonar og førebyggjande
- 286 kampanjar. Me skal også leggja til rette for arrangement med fokus på naturglede,
- 287 miljøvenleg matproduksjon og redusert matsvinn.
- 288 • Me skal vidareutvikla samarbeida med miljøgrupper i Russland om organisasjonsutvikling,
- 289 naturvern, klima og atomtryggleik.
- 290 • Me skal vidareutvikla samarbeida med lokalsamfunn i Togo og Mosambik om
- 291 naturressursforvaltning og tilgang til fornyelege energi.
- 292 • Gjennom kampanjer skal me visa korleis natur- og klimakrisa er ein reaksjon på
- 293 overforbruket vårt.
- 294 • Me skal byggja folkeleg forståing for konsekvensane mineralutvinning og ressursforbruk har
- 295 for miljøet.
- 296 • Me skal fremja og jobba for positive, konstruktive og løysingsorienterte aktivitetar og saker
- 297 om deling, ombruk, gjenbruk, reparasjon og attvinning.
- 298 • Me skal arbeida politisk for redusert forbruk og ein sirkulær økonomi, retta mot folk,
- 299 offentleg sektor og verksemdar, gjennom produsentansvar og insentivordningar for redusert
- 300 forbruk, som mellom anna fjerning av moms på reparasjonar.
- 301 • Me skal arbeida for politiske tiltak som fremjar delingsøkonomi, t.d. meir deling av hytter,
- 302 framkomstmidlar, utstyr og liknande.
- 303 • Gjennom ein kampanje skal me jobba for standardisering og krav om at forbrukarprodukt
- 304 som datamaskiner, mobiltelefonar og kvitevarer skal vera haldbare og compatible, og at dei
- 305 skal kunna reparerast.

306  
307  
308



## LANDSMØTE 2022

**Innkomne endringsforslag til arbeidsprogram 2022-2024**

Forslag til ny tekst er understreket

Forslag til fjernet tekst er ~~overstrøket~~

Tekst som er uendret står uten formatering

Begrunnelse er fra forslagstiller

Endringsforslag A1	
Linjenummer: 170	Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Nordland
<p><b>Endringsforslag:</b></p> <p><u>Me skal arbeida både for strengare vern, og restaurering av myr og våtmarksområde</u>  <u>Naturvernforbundet skal arbeide imot undergraving av vernebestemmelsene for verneområder</u>  <u>(marine verneområder, nasjonalparker, verdensarvområder, naturreservater), bl.a. ved å få</u>  <u>gjennomslag for skjerpede sanksjonsbestemmelser.</u></p>	
<p><b>Begrunnelse:</b> Bakgrunnen for dette vedtaket var et innledende bildeforedrag på fylkesårsmøtet om det rike naturmangfoldet og de stadige truslene mot dette i Saltstraumen marine verneområde. I diskusjonen etter foredraget ble det påpekt at undergravingen av verneformålet i Saltstraumen marine verneområde ikke er noe særtilfelle, men snarere regelen for hvordan verneformålet blir undergravd i altfor mange verneområder i Norge, f.eks. ved oppdrett i Vega Verdensarvområde eller motorveibygging ved Åkersvika naturreservat og truslene om det samme i Lågendeltaets naturreservat i Innlandet. Fylkesårsmøtet ønsker derfor at denne uakseptable «forvaltningen» av verneområdene i Norge løftes inn i arbeidsprogrammet til Naturvernforbundet for å få til en myndighetsbestemt innstramning av vernereglement og sanksjonsmuligheter i Norge.</p> <p>Restaurering av myr og våtmark er vel og bra, men først og fremst må det arbeides for et generelt forbud mot å bygge ned våtmark og myr fordi det faktisk ikke er mulig å restaurere tiden. Ei ødelagt 8000 år gammel myr f.eks. er og blir ødelagt innenfor enhver menneskelig tidshorisont.</p>	